

Slektsstemne  
spesial



# Jubileumsposten

## Velkommen til slektsstemne!

Juni/Juli 2008

Nummer 5

Et av hovedarrangementa i jubileumsåret skjer helga 1. – 3. august.

Da blir det ”slektsstemne” for hele Todalen! Myten om at alle i Todalen er i slekt i et eller annet ledd stemmer nok ganske godt, og om du

ikke er i slekt genetisk så kan du føle deg som en ekte todaling likevel.

Dette blir ei helg der hele bygda står på hodet og alle ønskes velkommen ”høm” for å delta!



Hovedkomiteen for ”Det store slektsstemnet”:

Fra venstre Torill Gjeldnes, Olaug Kvendset, Sven Olav Svinvik, Eivind Grønmyr, Johan T. Hals og Ivar Helge Kvendset.

I tillegg er Nils Ove Bruset, Sidsel Ramsøy, Svein Åge Saksen, Dan Roger Pedersen og Terje Nordvik med.




### Pratekafé i Ungdomshuset

Eit nyoppussa ungdomshus vil gjera nytte som ”pratekafé” under slektsstemnet. Kaffe og bakels med mølsgraut blir ein av ingrediensane vi bidrar med.



### Vi gler oss!

No har vi jobba med ”slektsstemnet” i snart eit år. Vi gler oss meir for kvar dag som går fram mot arrangementet i august, seier jubileumssjefen Kari Kvendset til JP. Kari har i ei årrekke vore poststyrar i Todalen og kjenner nok dei aller fleste, både innfødde- og utflytta todalingar. Kari vart nyleg AFP-pensjonist og er no travel jubileumssjef på heiltid!



Kari Kvendset er ledar for Jubileumskomiteen i Todalen I.L.

## Praktiske detaljer...

### Nok todaling til å delta på slektsstemne?

Om du lurer på om du er ”nok” todaling til å delta, så er det ikke noen opptakskrav verken i gener eller slektskap. Har du lyst til å delta er du/dere hjertelig velkomne!

### Busstransport mellom ”utpostane”

Vi legg opp til busstransport mellom kontaktpunkta som er rundt om i bygda.

Det blir berre å henge seg på bussen for den som vil.

### Mer detaljert informasjon:

Vi legg opp til mer detaljert informasjon om opplegget når du kommer hit.

Da vil du få utdelt skriftlig informasjon med mer detaljer om de forskjellige aktivitetene.

Dette vil også bli lagt ut på nettet [www.todalenil.net](http://www.todalenil.net) etter hvert.

Er det noe du lurer på så er det bare å ta kontakt med oss, enten per e-post, eller pr telefon.

## Vi har ”fiffa” og ordna!

Det har vore lagt ned ein stor innsats for å få alle anlegga i stand til jubileet.

I klubbhuset på Bordholmen er det gjort ei fullstendig rehabilitering av kjøkkenet og i tillegg er det lagt nye golv og dei fleste veggene har fått eit målingsstrøk eller to. Ny fotoutstilling er på

plass i gangen. Ungdomshuset har også fått nytt kjøkken og det er lagt nytt fint golv i heile hovudetasjen og nytt golvbelegg i kjellaren.

Heile huset er nymåla og det er kome på plass ei artig fotoutstilling med kjente fjes og hendingar i bygda.

Takk for innsatsen til alle!

Eivind og Johan er vant til å drive slåttee arbeid.

Pensjonisttilværet frå Fellesfjøset er ikkje noko latmannsliv.

Saman med fleire andre har dei no ansvaret for slåtten og vedlikehaldet på Bordholmen.





## På bygda..

### Rossåa settefisk med open dag

Laurdag 2. august (kl 10-17) er det open dag og gratis omvisning i Rossåa settefisk-anlegg. Anlegget forsyner Toåa, Surna og Bævra med smolt for å sikre laksestammene i elvane. Anlegget har vore i drift sia 2005. Statkraft eig anlegget.



## Pakkhuset Pub

På Pakkhuset Pub blir det nok folksamt fredag kveld.

Da inviterer Todalen Småbåtforening til pubkveld med bacalao og tilhørende forfriskningar. Erling Halle har innreia den gamle pakkhuslemmen til pub, og dette har vorte ein populær



stad for slike arrangement.

Pubkvelden startar kl 20, men allereie frå kl 16 vil det bli vass-sportaktivitetar i området rundt Todalen Brygge på Todalsøra.

I det maritime miljøet høver det sjølvsagt bra med ekte sjømat som bacalao er, og det vil også bli salg av tilbehør som øl og vin.

Velkomen!

*Bjørn Hauglann og Erling Halle ønsker velkommen til pubkveld på Pakkhuset Pub fredag kveld.*

## Gudsteneste

Søndag 3. august kl 11.00 ønskjer Todalen sokneråd alle velkomne til gudsteneste i Todalen kyrkje. Det er sokneprest Bernt Venås som forrettar, og vi reknar med at mange nyttar høvet til eit besøk i den gamle kyrkja frå 1861.



*Bilete frå ei 17. mai - gudsteneste i Todalen kyrkje.*

## Kårvatn - stabburet og butikken

Både fredag og laurdag er Stabburet og butikken på låven open. Utstilling og omvisning med multimediashow på Stabburet. Gratis inngang.

"Butikken på låven" har mykje flott fjell- og turutstyr å by på.



## Svinviks Arboret

Benytt også anledninga til å besøke Svinviks Arboret denne helga, og ta deg tid til en tur rundt i denne unike botaniske hagen. Her kan du få kjøpt lunsj, kaffe og heimebakst. Inngang: kr 50.



## Gammelfabrikken

På Gammelfabrikken vil Talgø visa fram kva dei driv på med.

Gammelfabrikken er snart fullt renovert både utvendig og innvendig, og har vorte eit utstillingsvindaug for alle bedriftene til Talgø Invest; Talgø Møbelfabrikk, MøreTre og T-Komponent.

Ope hus på Gammelfabrikken fredag (16-20) og laurdag (10-17).



## Halsesamlinga

Halsesamlinga i gammelskulen er opa fredag (16-20) og laurdag (11-17) for den som vil sjå utstillinga frå Leif Halse sitt liv og virke.

Halsesamlinga vil ha premiere på ny CD under slektsstemnet.

Det er ei storsatsing, med presentasjon av både tekster og musikk etter Leif Halse.

Mellom artistane er Alf Ramsøy og Tone Søyset Døving.



*Ragnhild A. Moe er no ledar for Halsesamlinga sitt arbeid.*

## Musikerdugnad

Laurdag kveld er musikerdugnad ein del av programmet på Bordholmen.

Her vil det bli mykje bra musikk å høyra frå scena utover kvelden.



*Husby Brothers og Tone Søyset Døving blir ein del av programmet laurdag kveld.*

*Frå venstre Lars Olav, Jan Peter og sjelen sjølv Eirik til høgre..*

## Open gard i Viastua

**Søndag 3. august** (kl 13-17) er det open gard i Viastua, med Wenche og Gudmund Kvendset som vertskap og



Todalen Bondelag som arrangør. Dei vil visa fram litt av det som går føre seg på eit gardsbruk. Av smakebitar frå programmet kan vi nemna konkurransar og kalvemønstring.

Her vil det bli mange

*Fremst frå venstre: Gudmund, Olaug og Ståle. Bak: Olav, Håvard, Wenche og Sidsel.*

slags dyr å sjå og stifte nærare kjennskap med, og det vil bli høve til å sjå eit moderne lausdriftsfsjos og korleis det fungerer.

Todalen Bondelag serverer middag, med tilhørende dessert og kaffe denne dagen, og det er sjølvsagt lokal og "kortreist" mat frå Todalen som blir bydd fram.

**Velkomen til gards!**

## Lederen



Dette året har vi virkelig satt todalingene på prøve. Aldri før har det vel vært så stor aktivitet i bygda, med frivillig arbeid som innsatsfaktor.

Vi i styret i Todalen I.L. er klar over at alle todalinger og også mange andre todalsvenner har hatt et forhold til idrettslaget på en eller annen måte.

Derfor har vi hatt et stort ønske om å invitere alle

sammen til Todalen på vårt slektsstemne i løpet av dette jubileumsåret.

Det gjør vi nå, og vi inviterer alle sammen hit samtidig den 1.-3. august.

Det er kanskje dristig gjort å invitere så mange, men vi er vant til mye folk og vi vet også at dere er vant til at "det blir ei råd".

Vi håper at mange har anledning til å sette av denne helga og ta turen til Todalen for å feire sammen med oss, og for å treffe gamle og nye venner. Vi skal gjøre vårt beste for at vi alle skal få det trivelig i lag, og bidra til å knytte båndene enda tettere sammen.

**Velkommen!** Terje Talgø

## Hallagrenda i fokus

Hallagrenda vil bli sterkt i fokus under slektsstemnet. Her vil det bli aktiviteter på mange frontar gjennom heile helga.

I Steinarstua vil det bli demonstrasjon av steinbaking av brød. Dei har restaurert den gamle omnen i eldhuset og vi vil få demonstrasjon av



*Eivind demonstrerer den gamle steikeomnen i eldhuset i Steinarstua*

brødbaking på gammaldags vis.

I "nyhuset" på Haugabu er det utstilling av feler og møblar som Edvart Gjeldnes har laga på sine gamle dagar. I skulen, eller Todalen oppvekstsenter som det heiter i dag, er det laga ei utstilling

av nytt og gammelt skulemateriell. Her vil nok mange kjenna at utstyr som balloptikon og mykje anna. Her har også Start 4H laga si



*Start 4H er 40 år og har laga jubileumsutstilling i skulen.*

jubileumsutstilling. Dei feirar nemleg 40 år i 2007.

Og i Pestua vil det bli høve til å sjå det nye oksefjøset som blir ferdigstilt i desse dagar, samt det nye hønehuset som vart bygd for nokre år sidan. Dette er topp moderne fjøs og ei storsatsing på ei framtid innan jordbruket.



*Det blir omvisning i det nye oksefjøset og hønehuset i Pestua.*

## Jubileumslotteri

I forbindelse med slektsstemnet blir det arrangert jubileumslotteri på Bordholmen denne helga. Vi har allereie mange gevinstar klare og det blir eit rikt utvalg av flotte ting frå Todalen på gevinstbordet.



*Frå Elisabeth Aas og Per Hoolaas har vi fått eit flott måleri, verdt 7500, som blir ein av hovudgevinstane.*

## Fellesfrokost på Bordholmen



Laurdag (8-10) og søndag (9-11) slår vi på stortromma og inviterer heile bygda og alle gjestar til felles frokost på Bordholmen for ein rimeleg penge. Vi lagar ein buffé der du finn alt du treng til frokosten.

Vi har testa opplegget under fleire 17. mai-feiringar, og det er reint så triveleg å samlast slik til felles frokost i friluft. Blir det dårleg ver så har vi storteltet i bakhand, og kan halda til innandørs. På Bordholmen vil det også bli salg av middag på laurdag (15-18). I skrivande stund er ikkje menyen avklart, men det vil bli tradisjonell og "kortreist" todalsmat som vi kan garantere vil smake godt.

**Velkomen til bords!**

## Treng du overnatting?

Vi kan ikkje ordne overnatting til den enkelte, men her har du nokre kontaktmulegheiter som du kan prøva:

<b>KNT Todalshytta</b>	<b>71 66 38 36/416 94 312</b>
<b>Kårvatn Gard</b>	<b>71 66 38 16/71 66 39 29</b>
<b>Todalen Brygge, Todalsøra</b>	<b>924 12 616/934 03 594</b>
<b>Todalen Camping, Bordholmen</b>	<b>476 39 009/71 66 38 00</b>
<b>Asgeir Longva, Bruvollen</b>	<b>71 66 38 16/920 33 689</b>
<b>Olav Stengel, (hytte i Hallanesset)</b>	<b>71 66 39 19</b>
<b>Vårsøg Hotell, Sumadal</b>	<b>71 65 71 00</b>
<b>Kvanne Camping, Kvanne</b>	<b>71 66 35 10</b>
<b>Brekko Camping, Sumadal</b>	<b>71 66 07 60</b>

Vi reknar med at dei fleste har familie, venner eller kjente i Todalen som har litt ledig plass. "Der det er hjarterom er det husrom".

## [www.todalenil.net](http://www.todalenil.net)

Våre nettsider vil hele tiden holdes oppdatert med aktuell informasjon og praktiske opplysninger. I tida fram mot slektsstemnet vil vi være spesielt påpasselig med å komme med oppdatert informasjon.

Så her er det bare å følge med på [www.todalenil.net](http://www.todalenil.net)

Her vil det også legges ut "dagsrapporter", slik at også de som ikke har anledning til å komme til Todalen kan følge med på hva som foregår.

*Redaksjonen*

# Jubileumsposten

Redaksjonen



Redaktør Jon Olav Ørsal tlf 913 38 020

e-post: jon.olav.orsal@svorka.net

Nettredaktør Guro Redalen tlf 452 54 850

e-post: guro\_r@hotmail.com

**Adresse:**

Jubileumsposten, c/o Jon Olav Ørsal, 6645 Todalen

Ansvarleg utgjevar: Todalen Idrottslag

**B** ØKONOMI  
ÉCONOMIQUE

## Er adressa feil? Gi oss i så fall beskjed!

Har vi sendt Jubileumsposten til feil adresse er det bare å ta kontakt med oss. Enten pr e-post til redaksjonen, eller du kan sende oss et brev eller kort med din rette postadresse.

## Distribusjon av Jubileumsposten

Jubileumsposten blir lagt i alle postkasser i Todalen og på Nordvik. I tillegg blir den sendt i posten til alle utflytta todalingar vi har klart å finna adressa til. Veit du om nokon andre som gjerne vil ha Jubileumsposten, så er det berre å ta kontakt så sender vi.

## Programmet på Bordholmen..

Lørdag kveld blir det felles middag på Bordholmen (15-18) før underholding fra scenen starter kl 18.00. Det er ikke lagt opp til noe langtekkelig program, for vi skal ha tid til å prate med hverandre. Prate mye også for den som vil!

På programmet står det bl.a. et historisk tilbakeblikk på Todalen Idrottslag og lokal musikerdugnad der bl.a. Husby Brothers og Tone Søyset Døving deltar.

Videre blir det et program der skolebarna i Todalen deltar, og korsang med Todalskoret. I tilfelle at værgudene slår seg vrang har vi sikret oss med et stort telt på Bordholmen.

Senere på kvelden, og til langt på natt, spiller Dalagutan opp til asfaltdans.



Det store teltet på Bordholmen er bare for å avlede værgudene. Det blir nok finvær!!

## Påmelding - kjem du?

På grunn av servering av både frokost og middag og ellers dimensjonering av arrangementet, ønsker komiteen å få en pekepinn om hvor mange det skal dekkes på til.

Dette er ikke en bindende påmelding men kun for å lodde stemningen. Send oss påmelding, enten som e-post eller som vanlig postsending. Adressene er som følger:

Påmelding pr e-post til Sven Olav Svinvik:  
**sven.olav@svorka.net**

Pr post sendes svarslippen til:  
**Eivind Grønmyr,  
Steinarstua,  
6645 Todalen**

Det går også an å ringe Eivind Grønmyr på telefon **478 10 128**.

Svarfristen er søndag 20. juli, men meld deg gjerne på med en gang!

### Påmeldingsskjema:

Navn .....

Adresse .....

E-postadresse .....

Telefon .....

Antall personer: .....

Vi ønsker:

Frokost lørdag:

Middag lørdag:

Frokost søndag:

Send påmeldingsslippen til:

**Eivind Grønmyr,  
Steinarstua,  
6645 Todalen**

Ta en kopi av kupongen hvis du ikke vil klippe i avisa!

## Våre sponsorer:

Generalsponsorer:



Hovedsponsor:



Samarbeidspartnere:



En takk til våre generalsponsorer, hovedsponsor og samarbeidspartnere for god støtte. Deres økonomiske bidrag har vært med å gjøre jubileumssatsinga mulig.